

7. Føresegner til reguleringsplansplan, Hytteområdet Botn vest, felt H3, Vinje kommune, Telemark

I medhald av Plan- og bygningslova (PBL) av juni 1985, nr. 77, med revisjonar, §§ 22 - 28-2, er det utarbeidd reguleringsplan for felt H3 ved Botn skyss-stasjon, Vågslid, Vinje kommune.

7.1 Felles føresegner

- a) All graving og sprenging i terrenget skal gjerast skånsamt. Område som ikkje skal nyttast til veg, parkering, byggegrunn eller uteareal skal først tilbake til opphavleg utsjånad innan 1 år. Dette gjeld også gangveggar og vasspegel. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.
- b) Anleggsarbeid skal ikkje skje i påska (Skjærtorsdag - 2.påskedag), pinse (pinseaftan – 2.pinsedag), jul (julaften - 2. juledag), eller nyttårshelg.
- c) Det skal ikkje setjast opp gjerde, hekk eller liknande mot veggar, parkeringsplassar, skråningar o.l.
- d) Grøntanlegg skal primært ha naturmateriale og planter som naturleg høyrer heime i fjellstroka.
- e) Kommunaltekniske anlegg og straumkablar skal i størst mogleg grad leggest vegtraseane. Dette skal gjerast samtidig med at vegane opparbeidast.
- f) Installasjonar i samband med leidningsnett skal ha ei skånsam plassering og ei tiltalande utforming.
- g) I samband med gjennomføring av tiltak i medhald av planen skal det takast særskilt omsyn kvalitetar som vassdrag, tjern og myrområde. Det skal nyttast grunne grøfter (lett kommunalteknikk) i samband med utbygging. Leirproppar skal nyttast regelmessig i grøftesystemet for å førebygge uttørring av tjern. I eksisterande grøftesystem kring vegen mellom områda H3-I og H3-L skal det iverksetjast tilsvarande tiltak for om mogleg å forsere tilbakeføring av normalvasstand i tjernet mellom desse to byggeområda. Konkrete tiltak som kan verke inn på vassdrag, tjern og myrområde skal gjerast greie for i samband med melding om tiltak/byggesøknad.
- h) Viser det seg først mens arbeidet er i gang at det kan verke inn på eit automatisk freda kulturminne på ein måte som nemnt i Kulturminnelova § 3 første ledd, skal melding etter første ledd sendast med det same og arbeidet stansast i den utstrekning det kan berøre kulturminnet – jf. Kulturminnelova § 8, 2 ledd.

7.2 Bygningar

7.2.1 Generelle føresegner for bygningar; (hytter, pumpestasjon, trafo o.a):

- a) Bygningar skal plasserast og utformast slik at dei fell naturleg inn i landskapet og bygningsmiljøet.

- b) Plassering og utforming av bygningar og andre anlegg skal godkjennast av kommunen.
- c) Alle bygningar skal vere av tre med ståande kraftig kledning, min. 8" X 1¼, eller av lafta tømmer, eller ev. anna materiale forblenda med norsk naturstein.. Bygningane skal ha mørke jordfarger. Tak skal tekkast med torv.
- d) Som hovudregel skal møneretning ligge parallelt med høgdekotene.
- e) Som hovudregel skal ikkje arkar byggast høgare enn resten av bygget.
- f) Ikkje utbygde delar av tomta skal gjevast ei tiltalande utforming.

7.2.2 Fritidsbusetnad (H3A – H3V)

- a) For områdene blir tomteutnyttinga sett til maks 110 m2 BYA pr hytteeining, i tillegg til ev. 2 anneks på inntil 15 m2 for kvar eining i tunløysing. Maksimalt samla bruksareal settes til 140 m2 BYA.
- b) Hyttenes hovudvegger skal omslutte angitt koordinat merket X i planteikninga, jfr. Kap 8.
- c) Før bygge- eller anleggstiltak vert sett i gang skal det utarbeidast teikningar og skisser, om nødvendig illustrasjonsplan og teknisk plan, som syner detaljert dei tiltak som skal setjast i verk. Teikningar skal vere ferdige før utbygging tar til, og skal leggjast fram for kommunen for godkjenning.
- d) Hyttene skal oppførast i ei høgde. Kommunen kan godkjenne utnytting av loftsrom på tomter der dette kan passe.
- e) Hyttene skal ha:
 - Takvinkel mellom 25 –30 grader.
 - Mønehøgda skal ikkje overstige 6,3 meter
 - Gesimshøgda skal ikkje overstige 3,9 meter.
- f) Hyttene skal plasserast slik at dei ikkje øydelegg utsikt unødvendig, gir sjenerande innsyn til eksisterande eller nye hytter, eller på annan måte unødvendig innverkar på det private hyttelivet.
- g) Hytteområda skal nytte tilkomstvegen og krysset vest for Botn skystasjon til E 134.

7.3 **Spesialområde**

7.3.1 Privat veg og parkering

- a) Køyrebanebreidde skal ikkje overstige 4 m, medan total vegbreidde ikkje skal overstige bredder angitt i plankart, d.v.s 8 og 6 m.

8809 89 har gått ut

- b) Fylgjande tomter kan etablere intern p-plass på tomt: 56, 60, 62, 63, 72, 77, 79, 81, 85, 86, 87, 90, 91, 92, 97 og 98. Andre tomter skal nytte felles p-anlegg avsett i plankart.
- c) Det kan oppførast mindre konstruksjonar for avfall, oppslagstavler o.l., i samband med parkering etter godkjenning av kommunen.

7.3.2 Friluftsområde på land

- a) Det er ikkje høve til å påføre terreng eller vegetasjon skade, utover lett skjøtselsarbeid og tilrettelegging som fremjar friluftslivet og områdebruken til rekreasjon og ute opphald.

7.3.3 Spesialområde Kommunalteknikk

- a) I VA-traseane kan det gravast ned straumkablar vatn- og kloakkleidningar.
- b) I Sp Kom 1 og 2 kan det setjast opp kloakkpumpestasjon på inntil 8 m2 BYA.

Siste revisjonsdato: 25.10.04 iht kommunestyrets vedtak 21.10.04, sak 04/132

Plankontoret Hallvard Homme as
Åmot 10.01.05